



Møteprotokoll

Utval:	Eidfjord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen
Dato:	31.05.2023
Tid:	09:00 – 12:30

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jostein Hovland	Leiar - utgått	AP
Kjell Ove Tveit	Nestleiar	UAVH
Kari Lægreid	Medlem	SP
Haldis Myrvang Rieber	Medlem	UAVH

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anita Fredheim Limstrand	MEDL	UAVH

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Myklatun	Anita Fredheim Limstrand	SP

Andre som møte:

Kjartan Haugsnes, seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Magnus Steigedal, rådmann
Anders Vatle, ordførar (Til 11:30)
Knut Ingar Myklatun, økonomisjef (Til PS 9/23)
Janne Eraker, oppdragsansvarleg revisor Vestlandsrevisjon IKS (Til 10:30)

Jostein Hovland
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/23	Godkjenning av protokoll frå møte 02.03.2023	2022/153	
	Politiske saker		
PS 9/23	Årsrekneskap for Eidfjord kommune 2022 - uttale frå kontrollutvalet	2022/165	
PS 10/23	Forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver- milepælsorientering	2022/305	
PS 11/23	Oppfølging forvaltningsrevisjon, kommunen si rolle i næringsutvikling.	2022/168	
PS 12/23	Orientering frå rådmann, henvending rensaneanlegg i Sysendalen	2022/333	
PS 13/23	Orientering frå rådmann, innsynsportal	2022/155	
	Referat saker		
RS 2/23	VS: saksdokument til representantskapsmøte IHM IKS	2022/155	
	Politiske saker		
PS 14/23	Eventuelt	2022/155	

GK 3/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 31.05.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste

Vedtak.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 4/23 Godkjenning av protokoll frå møte 02.03.2023

Forslag til vedtak

Protokoll frå møt e02.03.2023 vert godkjent.

Saksprotokoll 31.05.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 02.03.2023

Vedtak:

Protokoll frå møte 02.03.2023 vart godkjent.

PS 9/23 Årsrekneskap for Eidfjord kommune 2022 - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

- 1.Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2022
- 2.På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 3 for 2022 frå Vestlandsrevisjon AS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 05.10.2023 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten

Saksprotokoll 31.05.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef Knut Ingar Myklatun orienterte og svarte på spørsmål.

- Oppsummering i årsmeldinga side 11
- Store meir inntekter ma. konsesjonskraft, havn og skatteinntekter, men og større utgifter.
- Godt årsresultat
- Lånegjeld og bankinnskott er omtrent likt.

Oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte og svarte på spørsmål om revisor sitt arbeid.

- Rekneskap utan vesentleg feil og normal revisjonsberetning.
- Årsoppgjersbrev: Kommunen har ikkje vedteke eit økonomireglement etter KL. § 14-2
- Kommunen bør ta ein gjennomgang av bundne fond.
- Etterlevingskontroll konkludert utan merknader frå revisor.
- Oppsummert, godt rekneskap med særskilt få feil. God dialog mellom revisor og økonomikontor.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1.Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2022
- 2.På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 3 for 2022 frå Vestlandsrevisjon AS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 05.10.2023 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten

PS 10/23 Forvaltningsrevisjon, psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver-milepælsorientering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 31.05.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker orienterte.

- Det er gjennomført oppstartsmøte med ny kommunedirektør og avklaring kring dokumentog informasjonsbehov.
- Vi arbeider med å gjennomgå tilsendt dokumentasjon, utforme intervjuguidar samt utforme

spørjeundersøking.

- Det er planlagt intervju samt utsending av spørjeundersøking første del av juni.
- Prosjektet er planlagt ferdigstilt og framlagt tidleg haust 2023.
- Vi vurderer at prosjektet har ei framdrift i samsvar med vedtatt prosjektplan og tidlegare orienteringar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 11/23 Oppfølging forvaltningsrevisjon, kommunen si rolle i næringsutvikling.

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ser seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten, Kommunen si rolle i næringsutvikling.
3. Kontrollutvalet ønskjer at rådmann kjem inn i første møte i 2024 og orienterer om status på dei punkta som er planlagd gjennomført.

Saksprotokoll 31.05.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigedal orienterte og svarte spørsmål.

- Rapporten vert brukt.
- Rådmann gjekk gjennom punkta som sendt ut.
- Notat som oversendt kontrollutvalet er oppfølging som no kjem som handling.
- Brukarundersøking som skrive om i pkt. 5 vert diskutert, ma i høve personvern.
- Ansvar ligg til avdelingsleiar å følgje opp vidare.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ser seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten, Kommunen si rolle i næringsutvikling.

3.Kontrollutvalet ønsker at rådmann kjem inn i første møte i 2024 og orienterer om status på dei punkta som er planlagd gjennomført.

PS 12/23 Orientering frå rådmann, henvending renseanlegg i Sysendalen

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 31.05.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Nestleiar Kjell Ove Tveit fortalde om bakgrunn for henvendinga.

Rådmann Magnus Steigedal og ordførar Anders Vatile orienterte og svarte på spørsmål.

- Reguleringsplan på høyring etter vedtak i formannskap 23.01.23
- Presentasjon i høve vedtak i 2019
- Vedtak i kommunestyret mai 2022 om endeleg lokalisering av reinseanlegget.
- Saka skal handsamast igjen i formannskapet i juni 2023.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 13/23 Orientering frå rådmann, innsynsportal

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 31.05.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigedal orienterte og svara på spørsmål.

- Eigen fane på heimesida for politiske komitear og styringsgrupper.

Forslag til vedtak var samrøystes

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

RS 2/23 VS: saksdokument til representantskapsmøte IHM IKS

Saksprotokoll 31.05.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

PS 14/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Saksprotokoll 31.05.2023 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ingen saker meldt.

Vedtak:

Ingen saker meldt.